



ÅRSMELDING LESJA KYRKJELEGE RÅD 2019

Lesja kyrkjelege råd:

01.01. – 31.10.2019:

Einar Morken (leiar)
Jorunn Einbu Teigen (nestleiar)
Aasmund Kolstad
Audny Bakken
Torbjørn Thøring
Anne-Grete Dalum Tordhol

Kommunal representant:

Liv Enstad

Biskopens representant:

Knut Nordhaug (01.01.-28.02.)
Magnus Halle (10.03.-)

Inger Karin Stavem
Anne Torsgård
Marit Hole Tynnøl
Katrine Stensland
Jon Olav Løkken

Marita Lindbom

01.11. – :

Jorunn Einbu Teigen (leiar)
Aasmund Kolstad (nestleiar)
Audny Bakken
Pål Rindal
Aagot Sørungård Botheim
Anne-Grete Dalum Tordhol

Kommunal representant:

Liv Enstad

Biskopens representant:

Magnus Halle

Ole Romslo Traasdahl
Aage Asgeir Paulsrud
Stein Inge Bjorli
Ann Karin Thøring
Marit Tynnøl

Marita Lindbom

Birgitte Bentzrød



Lesja kyrkjelege råd har hatt 4 møter (det gamle hadde tre og det nye hadde to), og har behandla 26 saker. Kyrkjeverje er med som sekretær.

Lesja kyrkjelege administrasjonsutval (partsamansett utval) fram til nov. 2019:

Audny Bakken	frå kyrkjeleg råd
Einar Morken	frå kyrkjeleg råd
Jorunn Einbu Teigen	frå kyrkjeleg råd
Paul Gunnar Lien	frå dei tilsette
Ola Nørstebø	frå dei tilsette

Partsamansett utval fungerer og som forhandlingsutval.

Kyrkjeverje er fast sekretær i forhandlingsutval og partsamansett utval.
Korkje partsamansett utval eller forhandlingsutvalet har ikkje hatt møte i 2019.

Gudsteneste- og trusopplæringsutval:

Gudsteneste- og trusopplæringsutvalet skal arbeide for eit breidt og mangfalding tilbod av gudstenestar og arrangement i kyrkjene. Utvalet skal og ha fokus på at fleire medlemmar skal ynskje å nytte dette tilbodet.

Utvalet har ansvar for opplæring av dei døypte i den kristne tru. Målgruppa for trusopplæringa er kyrkja sine medlemmar i aldersgruppa 0-18 år.

01.01.-31.10.2019:

Anne-Grete Dalum Tordhol
Jorunn Einbu Teigen
Audny Bakken

Einar Morken
Kantor
Sokneprest

01.11.- :

Jorunn Einbu Teigen
Audny Bakken
Pål Rindal

Kantor
Sokneprest

Diakoniutval:**01.01.-31.10.2019:**

Anne-Grete Dalum Tordhol
Marit Tynnøl
Ole Romslo Traasdahl

Diakon Inger Gravem er med som sekretær

Kyrkje- og kyrkjegardsutval:

Kyrkje- og kyrkjegardsutvalet skal bidra til at kyrkjene og kyrkjegardane i båe sokn er i slik stand som vi til ei kvar tid ynskjer at dei skal vera, og slik kyrkjelov og regelverk krev. Utvalet utfører sine oppgåver, på vegne av Lesja kyrkjelege råd, og i samarbeid med kyrkjetenarane. Medlemmane i utvalet skal representere kvar si kyrkje/kyrkjegard.

01.01.-31.10.2019:

Jan Magne Bøe	Lesjaskog kyrkje/kyrkjegard
Torbjørn Thøring	Lesjaverk kyrkje/kyrkjegard
Aasmund Kolstad	Lesja kyrkje/kyrkjegard

01.11.- :

Stein Inge Bjorli	Lesjaskog kyrkje/kyrkjegard
Torbjørn Thøring	Lesjaverk kyrkje/kyrkjegard
Aasmund Kolstad	Lesja kyrkje/kyrkjegard

Arrangementsutval:

Arrangementsutvalet skal bidra til å gjennomføre kyrkjelege tilstellingar som Lesja kyrkjelege råd foreslår.

Utvalet er ei ressursgruppe som og kan foreslå arrangement for rådet, og skal samarbeide med kontor om konsertar og andre kulturarrangement.

01.01.-31.10.2019:

Audny Bakken	Torbjørn Thøring	Marit Hole Tynnøl
Aasmund Kolstad	Aud Bjorli	Jon Olav Løkken

01.11. - :

Audny Bakken	Aagot Sørungård Botheim
Ann Karin Thøring	Aage Paulsrud

Tilsette

Kantor:	Paul Gunnar Lien	100 % stilling
Kyrkjetenarar:	Ola Nørstebø Steinar Skotte Jørn Sæther	80% stilling i Lesja kyrkje 80% stilling i Lesjaskog/Lesjaverk Tilkallingsvikar
Diakon:	Inger Pauline Gravem	100% stilling i Lesja og Dovre
Kyrkjeverje:	Torunn Elisabeth Skotte Stavheim	100% stilling
Prest:	Knut Nordhaug	100% stilling i Lesja og Dovre (01.01.-28.02.2019)
	Magnus Halle	100% stilling i Lesja (10.03. -)

(Prestane er ikkje tilsett i Lesja kyrkjelege råd)

Andre prestar i prostiet har og vore inne som vikarar.

Jørgen Brandli og Per Anders Hovelsrud har vore vikar for kantor.

Kyrkjene/kyrkjegardane:

I mai var det dugnad på alle tre kyrkjegardane. Det var bra frammøte på alle tre, og arbeidet gjekk raskt unna. Takk til alle som stiller opp og tek eit tak på dugnadane!

Gjerde kring parkeringsplassen på Lesjaskog er skiftast ut.

Gjerde kring den gamle kyrkjegarden på Lesja er teke ned. Gjerde mot Vestsidevegen er erstatta med skigard. Det øvrige gjerde vil ikkje bli sett opp att, men hjørnestolpar syner kvar inngjerdinga var.



Sjong

Det var to gudstenester på Sjong i 2019. Ei i juli og ei i september. Bra frammøte på både to, men dessverre vart det ikkje noko trusopplæringstiltak knytt til hausttakkefesten, da det var for fåe påmeldte

Takk til Åsmund Einbu for arbeidet han legg ned innpå Sjong, og til seternaboane Gunnell Anderson og Jon Olav Løkken som og held eit auge med kapellet, og stiller opp og hjelp til når det trengst.



Kyrkjestugu

Lesja kyrkjelege råd står for den daglege drifta av Kyrkjestugu.

Vevstugu sa opp leigeavtala, men har fornya den att frå 2020. Elles har huset vore utleigd til konfirmasjon, minnesamvær og barnedåp. I tillegg blir huset brukt både i samband med trusopplæringstiltak og konfirmanttimar.



Stell av legatgraver

Kyrkjetenarane plantar og steller på dei gravene det er stell-avtaler. Det er ca 110 graver med stell-avtaler.

Konsertar

I februar vart konserten "Elvis goes to church" med Ole Bekkemellem and The Kings halde i Lesja kyrkje.

Palmesøndag hadde Lesja og Lesjaskog sangkor konsert i Lesjaverk kyrkje.

Lesja barnekor hadde konsert 1. søndag i advent, og i år hadde dei fått med seg Torun Torbo på fløyte.

Lesja og Lesjaskog sangkor hadde sin julekonsert i Lesja kyrkje den 20. desember. Solist dette året var Else-May Botten Norderhus (song).



Takk til Kjørengrenda musikkforening som spelar på juleftan i Lesja kyrkje, og til medlemmar frå Lesja barnekor som deltok på gudstenestene på Lesja, Lesjaverk og Lesjaskog på julekvelden. Takk til Lesja og Lesjaskog sangkor som stilte opp på gudstenestene på Allehelgen, 1. og 2. juledag.

Økonomi

Kyrkjelova § 15 omhandlar kommunen sitt økonomiske ansvar for drift av fellesrådet.

Lesja kommune er bevisst på at kyrkjer og kyrkjegardar skal vera velstelte og haldast ved like. I 2019 var direkte tilskot til drift kr 2.520 000,-.

Fellesrådet har tenestavtale med kommunen tilsvarande kr 219.000. Dette er husleige, føring av rekneskap, lønsarbeid, datautstyr, papir, porto, kontortelefon, graving, brøyting til og ved kyrkjene og bistand ved større restaureringsarbeid.

Hamar bispedømmeråd finansierer inntil 50% av lønnsutgiftene til diakonstillinga, for 2018 utgjorde dette tilskottet kr 390 000,-
Dovre dekkjer 25% av utgifter til diakonstillinga, kr 193 509,-

Frå og med 2010 mottek Lesja trusopplæringsmidlar (sjå under trusopplæring).

Lesja har vald å ikkje tilsetja nokon fast trusopplærar, men heller bruke midlane til å hyre inn enkeltpersonar/lag/foreiningar frå tiltak til tiltak, og i tillegg ha att midlar til gjennomføring av trusopplæringstiltaka.



Lønnsutgifter til diakon har vore dekt fullt ut, og trusopplæringsmidlane dekkjer alle utgifter til trusopplæringstiltaka, i tillegg dekkjer dei noko lønns- og køyreutgifter til øvrige tilsette, og delar av konfirmantutgiftene.

Driftstilskottet frå Lesja kommune har stått uendra (eller med små reduksjonar) dei siste åra, noko som i realiteten betyr nedskjæring. Kyrkjeleg råd gjorde derfor vedtak om at mindreforbruket for 2018 skulle gå inn i budsjettet for 2019 (jfr. Budsjettjustering i sak 22/2019)

Festeavgift:

Festeavgifta er for tida kr 150,- pr år grav pr. år (vedteke i kommunestyret i 2019).
Innbetalt festeavgift i 2019: kr 230 500,-

Rekneskapsresultat:

Rekneskapet for 2019 syner eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 447 781,06
Momskompensasjon utgjorde kr 108 374,-

Ein stor del av mindreforbruket kjem av at ein av dei tilsette gjekk over på pensjonistavlønning tidleg på året. I tillegg har det vore brukt ein del frå fond og at mindreforbruket for 2018.



Kyrkjebladet

Kyrkjebladet har eit opplag på 1100 eksemplar.
Ca 850 går til innabygds og omlag 170 blir sendt til utanbygdsbuande.

I 2019 vart det innbetalt kr 64 283,- i pengegåver til kyrkjebladet. Dette er ein nedgang på kr 8 356,- frå 2018. Kyrkjebladet hadde eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 3 533,61.

At dei totale kostnadane var mindre i 2019, kjem av at utgifter til distribusjon har vore lågare.

Vi får layout-hjelp frå Snøhetta forlag, og bladet blir trykt på Dale-Gudbrand trykkeri.
Vi vil rette ein ekstra takk til Ole Martin Sørungård (Snøhetta forlag) for arbeidet han gjer med Kyrkjebladet!

Konfirmantarbeid

Dette året var det 15 konfirmantar i Lesja sokn og 7 i Lesjaskog.
Konfirmantane hadde fleire arrangement saman med Dovre, mellom anna temadag, på Tunstugu, om kyrkjelege handlingar.

Dei som skal konfirmerast våren 2020 var på leir i Nordfjord ei veke i juni. Frå Lesja var prest og diakon med som vaksne leiarar. Anna Olea Bakken og Gaute Skotte var med som ungdomsleiarar.

Nettoutgift til konfirmantundervisninga var på kr 41 539,-

Trusopplæring:

Trusopplæringsreformen inneber at det er kyrkja sjølv som skal gjeva tilbod om trusopplæring til alle døypte i aldersgruppa 0 – 18 år. Tilboda skal supplere dei meir tradisjonelle formene for trusopplæring.

Til gjennomføring av trusopplæringsreforma bli vi tilført midlar, ca kr 400,- pr. år pr. døypt barn i aldersgruppa 0- 18 år. I tillegg fekk vi noko utjamningsmidlar i 2019.

Totalt kr 217 840,-

Trusopplæringstiltak som er gjennomført i 2019:

- Dåpssamtale og dåp
- Ingvill Tøndevoldshagen, Anne Marie Lien Sønstebo, Randi Mølmen og Dagrún Klungervik broderer dåpsservietter til alle som blir døpt.
- Babysang.
- Utdeling av "Mi eiga kyrkjebok" til 4-åringar. Ungane fekk tilbod om å vera med på ei samling før gudstenesta, der dei bl.a. laga kvar sin sau.
- Utdeling av boka "Tre i eit tre" til 6-åringar.
- Utdeling av biblar til 5.klassingar
- Hausttakkefest på Sjong, der 8-åringar var invitert, vart avlyst pga manglande påmelding.
- «LysVåken» i Lesjaskog kyrkje.
- Kantor Paul Gunnar Lien har jamleg hatt songsamlingar på Blåsenborg, i Lesjaskog barnehage og i Lesja barnehage.
- Barnehagane har vore på kyrkjebesøk.
- Lesjaskog barnehage var invitert til juletreffest på Kyrkjestugu etter barnehagegudstenesta før jul, og det vart servert bollar, kakao og klementinar.
- Lesja barnehage var invitert til juletreffest på Tunstugu etter barnehagegudstenesta før jul, og fekk servert kakao, peparkaker og klementinar.

Kyrjekaffe:

Etter kvar gudsteneste (med unntak av juleftan, 17. mai, konfirmasjon, allehelgen og langfredag), er det enkel kyrjekaffe i våpenhuset/kyrkja, med kaffe, saft og twist. Kaffen gjev oss anledning til å stane opp litt og slå av ein prat – visst vi ynskjer det. Ein kopp kaffe i våpenhuset, eller kyrkja, er med på å understreke fellesskapet i menigheita. Kanskje kan vi gjenskepe noko av den gamle kyrkjebakkefunksjonen? Oppslutting og attendemeldingar viser at folk set pris på dette.

Menighetsmøte:

Menighetens årsmøte for 2018 vart halde på Kyrkjestugu, Lesjaskog, den 17. mars 2019.

Andre arrangement:

- I samarbeid med Lesja kommune, vart det arrangert «Lesjakveld» i Lesja kulturhus.
- Askeonsdagssamling for konfirmantane med "faste-kost" og handelsspel på Kyrkjestugu
- Innsettingsgudsteneste for Magnus Halle, med påfølgjande kyrjekaffe. Gudstenesta vart halde i Lesjaskog kyrkje, søndag 17. mars. Kyrjekaffe og menighetens årsmøte var på Kyrkjestugu.
- "Kveldsseto" i Lesja kyrkje, i samarbeid med Lesja historielag. Torunn Skotte Stavheim fortalde noko av Lesjakyrkja si historie.
- Palmesøndagsgudsteneste i Rånå skule, med palmegreiner i prosesjon, pølsegrilling og kaffe.
- Påskefrokost i våpenhuset i Lesja kyrkje, 1. påskedag.
- Pilegrimsvandring frå Auravegen til Lesja kyrkje, i forkant av Olsokgudstenesta, 29. juli.
- 50-, 60-, 70- og 80-årskonfirmantar vart invitert til konfirmantjubileum i Lesja kyrkje/Tunstugu og Lesjaskog kyrkje/Kyrkjestugu.
- Kronprins Haakon fekk omvising i Lesja kyrkje, i samband med kronprinsparet sitt besøk i Nord-Gudbrandsdal, september 2019. Lesja var privilegerte, for dette var den einaste kyrkja han besøkte på turen. Småskuleborna i Lesja stilte opp og song både Lesja- og Lesjaskogsongen.
- I samarbeid med Dovre har det vore arrangert «Det gode måltid» på Furukroken, Dombås.



Litt statistikk:

	Lesja og Lesjaskog	Lesja og Lesjaskog
Kyrkjelege handlingar:	2018	2019
Døpte	21	21
Konfirmerte	22	22
Vigslar	9	4
Gravferder	34	31
Innmeldt	1	4
Utmeldt	1	2
Ofringar:		
Totalt innkome ved ofring	79 871	87 099
Offergåver til eige arbeid	27 819	35 558
Offergåver vidaresendt til andre	52 052	51 541
Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon	23 728	24 589
Gudstenester	60	58
Tal på deltakarar	3 504	3 903

Til slutt ei helsing til alle tilsette, folkevalde og frivilljuge:

Takk for det store og gode arbeidet de har lagt ned i 2019!

Lesja, den 14. februar 2020
for Lesja kyrkjelege råd

Torunn Elisabeth Skotte Stavheim
Kyrkjeverje



REKNESKAPSSKJEMA DRIFT – 2019				
	Rekneskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Rekneskap
	2019	2019	2019	2018
Inntekter				
Brukarbetaling, sal, avgifter og leigeinnt.	401 414,00	460 000	462 000,00	351 602,86
Refusjoner/overføringer	994 336,65	786 000	764 000,00	869 494,00
Kalk.inntekt – kommunal tenesteyt.avtale/int.føring	219 000,00	219 000	219 000,00	219 000,00
Rammeoverføring/tilskott frå Lesja kommune	2 520 000,00	2 520 000	2 530 000,00	2 520 000,00
Andre tilskott, gåver, innsamla midlar	183 477,14	149 000	149 000,00	176 238,61
Sum driftsinntekter	4 318 227,79	4 134 000	4 124 000,00	4 136 335,47
Utgifter				
Lønn og sosiale utgifter	2 874 855,56	3 167 000	3 095 000,00	2 815 900,87
Kjøp av varer og tenester	806 524,05	919 000	763 000,00	817 614,32
Refusjoner/overføringer	108 375,72	0	0,00	96 984,09
Kalk.utgift – kommunal tenesteytingsavtale	219 000,00	219 000	219 000,00	219 000,00
Tilskott og gåver	98 956,99	87 725	65 000,00	79 069,24
Sum driftsutgifter	4 107 712,32	4 392 725	4 142 000,00	4 028 568,52
Brutto driftsresultat	210 515,47	-258 725	-18 000,00	107 766,95
Renteinntekter og utbytte	1 488,16	0		1 435,99
Netto finansinntekter/-utgifter	1 488,16	0	0	1 435,99
Avskrivninger	92 921,00	0		92 921,00
Motpost avskrivninger	92 921,00	0		92 921,00
Netto driftsresultat	212 003,63	-258 725	-18 000,00	109 202,94
Interne finansieringstransaksjonar				
Bruk av udisponert frå tidlegare år (overskott)	168 889,20	168 000		360 925,69
Bruk av disposisjonsfond	66 435,15	65 725	0,00	44 731,87
Bruk av bundne fond	21 326,30	18 000	11 000,00	27 888,50
Sum bruk av avsetningar	256 650,65	251 725	11 000,00	433 546,06
Avsett til disposisjonsfond	3 551,16	0	0,00	260 925,69
Avsett til bundne fond	17 322,06	0	0,00	112 934,11
Sum avsetningar	20 873,22	0	0,00	373 859,80
Rekneskapsmessig mindreforbruk	447 781,06	0	0	168 889,20

REKNESKAPSSKJEMA BALANSE – 2019		
	Rekneskap 2019	Rekneskap 2018
Eigendelar:		
Anleggsmidler		
Fast eiendom og anlegg	3 418 879,20	3 511 800,20
Aksjar og andelar	158 000,00	143 306,00
Omløpsmidlar		
Kortsiktige fordringar	189 112,12	537 462,00
Kasse, bankinnskott	4 277 111,01	3 752 111,52
Sum eigendelar	8 043 102,33	7 944 679,72
Eigenkapital og gjeld:		
Eigenkapital		
Disposisjonsfond	2 099 588,54	2 177 166,53
Bundne driftsfond	802 188,01	806 192,25
Rekneskapsmessig mindreforbruk	447 781,06	168 889,20
Kapitalkonto	3 576 879,22	3 655 106,22
Gjeld		
Anna kortsiktig gjeld	1 116 665,50	1 137 325,52
Sum eigenkapital og gjeld	8 043 102,33	7 944 679,72

Lesja, den 14. februar 2020

Torunn Elisabeth Skotte Stavheim
kyrkjeverge

Rekneskapet er revidert av Innlandet Revisjon IKS, og revisor si beretning er datert og underskrivi den 5. mars 2020.

